

NOTAT – status, ny kommuneplan 2019 – 2049

22.05.2018

Ut i frå godkjent planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, som kommunestyret godkjente i mars 2018 (PS 19/2018), skal dei folkevalde få informasjon om arbeidet undervegs. Opplegg for medverknad og møteaktivitetane er ei oppfølging av det som står i planprogrammet.

I dette notatet er det informasjon om status for arbeidet til no, kva som har skjedd og vidare prosess.

Arbeidsgruppa og styringsgruppa har hatt jamnlege møte sida oppstart. Etter at planprogrammet for samfunnsdelen blei godkjent, har i tillegg «ad-hoc»-arbeidsgrupper jobba med meir spesifikke tema som planprogrammet for arealdelen, barn/ungdom og medverknad og dialogmøte for utval for Helse, Sosial – og Oppvekst.

For å styrke den folkevalde forankringa blei styringsgruppa utvida med ein folkevald representant, frå tre til fire, i mai 2018.

Arbeidsgruppa har og hatt videomøte med Distriktssenteret for råd og inspirasjon.

INFORMASJONSARBEID

Informasjonsmøte

Det blei arrangert eit ope informasjonsmøte på Bømlo folkebibliotek 10.04.18. Det var i overkant av 20 deltakarar. Ordførar og samfunnsplanleggjar representerte kommunen og innleia og svara på spørsmål.

Stands

I forbindelse med «Folk i Bømlo» laurdag 26.mai skal kommunen stå stand med informasjon om kommuneplanarbeidet. Det vil óg vere aktuelt på andre arrangement framover, som på Moster laurdag 2. juni, under Mostradagane. I tillegg har me fått positive svar på å stå stands ved eit par kjøpesenter på nokre typiske «handedagar».


Det er ønskeleg å gjere dette med ei viss geografisk spreiding, utover året.

Nettbasert informasjon

Emneknaggen *#Bømlo2049* som blir nytta framover, skal reflektere at dette er ein plan for dei neste 30 år (samfunnsdelen skal ut i frå planprogrammet bli godkjent i 2019). Jo fleire som nyttar emneknaggen i sosiale medium, jo meir merksemd kan ein generere.

På Bømlo kommune sine nettsider har det blitt oppretta ei eiga informasjonsside om kommuneplanarbeidet, med overskrifta *#Bømlo2049*. Lenka med tittelen «*#BØMLO2049 – kommuneplanen*» ligg på førstesida. Her ligg det kort informasjon om kva ein kommuneplan er, tidsplan og organisering.

Her ligg det óg lenke til det elektroniske innspelsskjemaet «Mitt innspel». Dette er eit ope skjema (Google Docs) som alle kan bruke. Ein bør skrive namn, og innspela må grunnjevast.



Skjermbillede av «#BØMLO2049 – kommuneplanen» <https://www.bomlo.kommune.no/politikk/korleis-paverka/kommuneplanen-2018-2048-samfunnsdel/> og «Mitt innspel» <https://goo.gl/forms/bnfxwJhHpNwi8873>

Nettmøte

Informasjonssida og innspelskjemaet blei lansert på ei direktesending på facebooksidene til kommunen, 14.05.18. I følge innsynsstatistikken til Facebook, var det mellom 8 til 14 personar som til ei kvar tid følgde den timelange sendinga, mest kvinner i alderen 33-45 år. Responsen ut i frå kommentarfeltet, har vore god.

MEDVERKNAD

Folkevalde

Forutan ordinær sakshandsaming og det som er beskrevet i planprogrammet, er det planlagt å ha nokre utvida møter. Utval for Helse-, sosial og oppvekst er det planlagt eit utvida dialogmøte 7.juni. Utval for oppvekst-, kultur og idrett hadde eit liknande utvida møte 24. april, med fokus på MOT-arbeidet. Mange av innspelene som kom fram der er relevante å ha med i kommuneplanen sin samfunnsdel og. Arbeidet med KDP Oppvekst skal koordinerast med samfunnsdelen.

Utval for areal og samferdsel blir viktig framover, inkludert i arbeidet med planprogrammet for arealdelen. Eit utvida utvalsmøte til hausten er aktuelt i forbindelse med ein temadag eller ekstramøte.

Eldrerådet skal ha ein idéverkstad på deira møte 1. juni, og Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne, ein gong til hausten.

Grendautvala



Som nemnd i planprogrammet skal kommunen samarbeide med grendautvala i kommunal planlegging. Fleire av grendautval har hatt årsmøte og andre møter kor dei har hatt innspel til den nye kommuneplanen på agendaen og.

Frå bygdesamling på Langevåg 02.05.18, med over 200 møtedeltakarar, i alle aldrar (foto: Alf helge Greaker)

Kommunen og folkehelsekoordinator har samarbeida tett for å fasilitere møta og mellom anna nytta «Liv- og lyst»-prosjektmidlar for å finansiere ting som annonsering og servering. På Langevåg var møtet i samarbeid med Lèva Urban Design.

Datoar for innspelsmøta per dags dato:

Rolvsnæs:	18.03.18
Moster :	22.03.18
Espevær:	05.04.18
Rubbestadneset:	17.04.18
Langevåg:	02.05.18

Foldrøy har annonsert grendamøte 29.05.18.

Ikkje alle grendautvala har arrangert slike innspelsmøter, men kommunen har sendt påminning og meldt at me står til disposisjon. Generelt ønsker samfunnsplanleggaren å vere tilgjengeleg for lag- og organisasjonar som ønsker informasjon om, og bistand i, kommuneplanarbeidet.

Alle innspela blir samla og analysert og blir ein del av det offentlege datagrunnlaget for kommuneplanarbeidet. Det er ønskeleg at kommunestyret får dette som eit grunnlagsdokument undervegs.

«Ruslemaking» - medverknad barn og unge

Som ei oppfølging av å involvere barn og unge har ei ad-hoc-arbeidsgruppe sett på å prøve ut «Ruslemaking», ein metode som går på å bevege seg i nærmiljøet og gjennom foto og sansing, kan kartlegge punkter og stader med stadutviklingspotensiale. Som ein pilot har me spurd Meling og Moster skular om elevrådsrepresentantar der kan vere med å utprøve, noko dei to skulane er positive til.

Ein tar sikte på «Ruslemaking» i i juni 2018.

Det er óg aktuelt å kople på representantar frå Ungdomsrådet og Pensjonistforeninga.

Næringslivet

Kommunen med ordførar, rådmann og samfunnsplanleggjar har vore i møte med det nye styret i Bømlo Næringsråd. Her blei det informert generelt om kommuneplanarbeidet, aktuelle samarbeidstema og forventningar til kvarandre. Næringsrådet blir ein viktig dialogpartner gjennom kommuneplanarbeidet, både med tanke på samfunnsutvikling og arealdisponering.

SKJØNNSMIDLAR – «Samskaping i planarbeid»

På nyåret utlyste fylkesmannen i Hordaland skjønnsmidlar som mellom anna kunne gå til kommunalt samarbeid og kompetanseheving i planarbeid. Etter ei rask vurdering søkte folkehelsekoordinator og samfunnsplanleggjarar i Bømlo og Stord kommunar på desse skjønnsmidlane under prosjektnamnet «Samskaping i planarbeid». Kommunane fekk i april tilslag på dette, på NOK 300.000,- (for 2018; skal søke om same sum i 2019). Det er ein betydeleg sum i denne samanheng og vil løfte kommuneplanarbeidet.

Samfunnsplanleggjarane Andreas Moe Larsen (Stord) og Alf Helge Greaker (Bømlo) jobbar vidare arbeidet med prosjektet. Mellom anna er det aktuelt å nytte desse midlane til kompetanseheving og seminar for dei folkevalde og administrasjon på tema kor Stord og Bømlo har felles planutfordringar og moglegheiter. Det gjeld til dømes arbeidsmarknad, transport og attraktive lokalsentra.

TILFLYTTARUNDERSØKING

I arbeidet med kommuneplanen skal det innhentast bakgrunnsinformasjon og relevant datagrunnlag. Utover talmateriale, rapportar og statistikk som kommunen allereie disponerer, har det blitt laga ei tilflyttarundersøking (via nett-tenesta SurveyMonkey). Målgruppa er sisteårsstudantar ved høgare utdanningsinstitusjonar på vestlandet. Hensikten er å få samla data om kva for motiv ein måtte ha for å flytte (eller ikkje) til ein plass som Bømlo.

Undersøkinga blei første gang opna i samband arrangementet «Bu i Sunnhordland» i Bergen 11. april 2018. Her må ein få fleire svar og me jobbar med å få denne undersøkinga ut i fleire kanalar. Dette vil vere eit godt supplement til den meir omfattande analysen «Flytting og bostedsvalg – en analyse av flytteprosesser i Bømlo kommune i Sunnhordland», frå 2006 (?).

REGIONALT PLANFORUM

Hordaland fylkeskommune organiserer «Regionalt planforum», ein møtestad der kommunar og andre forvaltingsorgan kan drøfte planar som er under arbeid. Målet er at ein tidleg i planprosessen avklarar spørsmål og ulike interesser mellom kommunar, fylke og sektorstyresmakt. Det er ønskeleg med folkevald deltaking her, i tillegg til administrasjon.

Bømlo kommune skal møte i regionalt planforum etter planen to gonger i 2018:

- 12. juni – med utkast til planprogram for kommuneplanens arealdel
- 27. november – med utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel

Til møtet 12. juni er representantane frå utval for areal og samferdsel invitert med i delegasjonen. Utvalet får i meldingssak eit notat som peiker på nokre hovudtema for planprogrammet for arealdelen, som eit drøftingsgrunnlag.

OPPSUMMERING

Arbeidet ser til no ut å halde fram etter tidsplanen i planprogrammet. Ein bør merke seg at tidsplanen i planprogrammet er tett og at tidsbruk på mindre enn to år på slike omfattande dokument som kommuneplanen sin samfunnsdel, er å betrakte som effektivt.

Eit eiga arbeidsutval jobbar som nemnt parallelt med planprogrammet for arealdelen. Her er målet å kunne ha eit høyringsutkast ferdig til september.

Arbeidet med ny kommunedelplan for oppvekst skal sjåast i samanheng med kommuneplanarbeidet, og det er dialog på tvers av prosjektgruppene. Klimaplanarbeidet blir óg ein viktig del av den nye kommuneplanen.

I førre møte i regionalt planforum hausten 2017, då planprogrammet var oppe til drøfting, fekk kommunen gode tilbakemeldingar på korleis me vektla delen om medverknad. Sjølv om medverknadsarbeidet er tidkrevjande, kan det vere ei god tidsmessig investering, om dette kan skape meir tilhøyrslø til det endelege plandokumentet. Sjølv om me skulle ønske å involvere nær sagt alle barn og unge ved alle skular og fritidsaktivitetar, og endå fleire lag og organisasjonar, er det nødvendig å prioritere med omsyn på administrativ kapasitet og kvalitet på innspelsarbeidet. Kommuneplanarbeidet gjer i alle høve erfaringar som er gode å ha med i alt anna planarbeid.

Framover mot sommaren held informasjonsarbeidet fram. Analysearbeidet av dei samla innspela vil starte på forsommaren og arbeidsgruppa vil gå gjennom desse.